

# Mandat

Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg



# Mandat for fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg

## Bakgrunn

Fagnettverket innan eldremedisin/eldreomsorg starta i 2015 etter initiativ frå Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) Sogn og Fjordane og Regionalt senter for eldremedisin og samhandling (SESAM). USHT og SESAM har samanfallande oppdrag i å tilby fagnettverk, og gjorde kartleggingsbesøk i kommunane i 2013. Resultat og anbefalingar vart lagt fram for fag- og koordineringsråd, og koordineringsrådet vedtok samarbeidsavtalen om Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg i 2014. Avtalen var heimla i delavtale om «Gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling» mellom xx kommune og Helse Førde HF.

Fagnettverket har god oppslutnad, skapar engasjement og tilpassar seg lokale behov og nasjonale føringa. Aktivitetsnivået er hensiktsmessig både med tanke på bruk av personalressursar til drift og kostnader på fagdagane. Kommunane og Helse Førde er kjende med fagnettverket, og nettverket er ein integrert del av samarbeidet rundt pasienttryggleik, kvalitetsforbetring og samhandling. Det er ikkje lenger behov for ein samarbeidsavtale som regulerer partane og drifta av nettverket, og i møte 17 02 2022 gjorde Fagleg samarbeidsutval vedtak om å erstatte avtalen med eit mandat som sikrar vidare drift.

## Føremål

Føremålet med fagnettverket innan eldremedisin/eldreomsorg er å:

- bidra til trygge, samordna og tverrfaglege helsetenester
- fremje deling av kunnskap mellom tilsette i kommune- og spesialisthelsetenesta
- styrke engasjementet for arbeidet med eldre
- bygge kompetanse i systematisk kvalitetsarbeid
- bidra til samarbeid innanfor fagfeltet og samordne ressursbruk mellom sentrale aktørar/fagmiljø:
  - Kommunane/KS
  - Helse Førde
  - Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT) Vestland (Sogn og Fjordane)
  - Statsforvaltaren i Vestland
  - Vestland fylkeskommune
  - Høgskulen på Vestlandet (HVL)
  - Helseforsking Sogn og Fjordane
  - Senter for omsorgsforskning vest (HVL)
  - Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling (SESAM)

## Driftsansvar

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) og SESAM v/lokal koordinator i Helse Førde har ansvar for drift av fagnettverket. Begge partar har definerte oppgåver knytt til fagnettverksbygging og kan sikre kontinuitet og samordning.

Organisering og funksjon sikrar innspel og medverknad frå deltakarar, brukarar og samarbeidspartar.

Partane dekker eigne utgifter til deltaking i nettverket. Det skal leggast vekt på å arrangere samlingane på ein måte som inneber avgrensa kostnad for partane.

### Innhald og metode

Området eldremedisin/eldreomsorg omfattar eit vidt spekter av sjukdomar, funksjonssvikt og konsekvensar av dette. Fysiske, psykiske og sosiale problemstillingar er ofte samanvevde, og dei faglege utfordringane ligg m.a. i å sjå brukaren sine heilskaplege behov.

Fagnettverket har to fagdagar i året; vår og haust. Det blir utarbeidd to-års planar med eit overordna tema for fagdagane i perioden. Tema blir valt ut frå nasjonale satsingsområde og lokale prioriteringar, og vil vektlegge arbeid med samhandling, pasienttryggleik, implementering av nasjonale retningslinjer/veiledarar og brukarmedverknad.

Fagdagane vil veksle mellom fysiske og digitale arrangement, og innehalde førelesingar, erfaringsdeling, refleksjon og kunnskap om systematisk kvalitetsarbeid.

### Målgruppe - deltagarar

Fagdagane vil vere opne for tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester og i spesialisthelsetenesta. I tillegg er det ynskjeleg med faste ressurspersonar som deltek i nettverket.

#### Faste ressurspersonar i nettverket:

I spesialisthelsetenesta er det naturleg med ressurspersonar frå fagområda geriatri/indremedisin, geriatri/ortopedi, nevrologi, rehabilitering og psykiatri.

Frå den kommunale helse- og omsorgstenesta er det relevant med ressurspersonar knytt til både heim og institusjon. Fagutviklingssjukepleiar eller personar med tilsvarande roller/funksjonar vil vere særleg relevant.

#### Ressurspersonane sine oppgåver:

- Delta på fagdagane i nettverket
- Vere ein kontaktperson for driftsansvarlege for nettverket, og spreie informasjon om nettverket i eigen organisasjon
- Vere ein pådrivar i arbeidet med systematisk kvalitetsforbetring på arbeidsplassen, i nært samarbeid med leiar
- Dele kunnskap og erfaring i fagnettverket og på eigen arbeidsplass
- Bygge eigen kompetanse på feltet eldremedisin/eldreomsorg og kvalitetsforbetring
- Bidra til konstruktivt tverrfagleg samarbeid og samhandling

#### Arbeidsgjevar sitt ansvar:

- Utnemne ein eller fleire ressurspersonar til fagnettverket
- Gje ressurspersonane permisjon med løn og dekke kostnad til reise og kursavgift til fagdagar arrangert av nettverket
- Legge til rette for at ressurspersonane kan utøve sine funksjonar
- Vere i dialog/samarbeide med ressurspersonane om kvalitetsforbetring og behov for kompetanse innan eldremedisin/eldreomsorg
- Bidra til at målsetjinga for fagnettverket vert realisert
- Bidra til evaluering av nettverket

## Organisering og ansvarsfordeling

USHT og SESAM er ansvarlege for drift av fagnettverket og leier driftsgruppa. Driftsansvarlege orienterer fagleg samarbeidsutval om arbeidet ein gang i året og elles ved behov.

### Driftsgruppe

Deltakarar:

- USHT Vestland (Sogn og Fjordane)
- Lokal koordinator i SESAM (Helse Førde)
- Kommunane: Tre representantar utpeika av Helse og omsorgsutvalet (HOU/KS); førstelineleiarar eller fagutviklarar i heimeteneste, institusjon eller fysio- og ergoterapiteneste
- Helse Førde: Tre representantar frå relevante avdelingar; seksjonsleiarar/fagutviklarar i medisinsk avd., avd. for nevrologi, revmatologi og rehabilitering ( ANRR ), ortopedisk avd., psykiatrisk klinikk

Oppnemning av representantar skjer for to år om gongen.

Ansvaret:

- Har møte ein gang i året, og elles ved behov.
- Utarbeide fagleg innhald i to-årsplan
- Bidra til å samordne fagdagar med andre aktivitetar i regionen så langt det er mogeleg
- Bidra med evaluering av fagnettverket og av driftsgruppa sitt arbeid kvart 2. år

### Brukarrepresentasjon

USHT og SESAM deltek i møte med felles brukarutval ein gang i året med hovudvekt på dialog og medverknad rundt to-årsplan og evaluering. Brukarutvalet får invitasjon til fagdagane.

### Referansegrupper

Samarbeidspartar blir involvert gjennom etablerte møtepunkt/fora, som:

- Brukarutval
- Helse- og omsorgsutval (HOU/KS)
- USHT Fag- og samarbeidsråd
- Regionalt møte i SESAM
- Regionalt støtteapparat Leve heile livet

### Godkjenning av mandat

Mandatet er godkjent av Fagleg samarbeidsutval 16.09. 22 og avløyser frå den dato samarbeidsavtalen om fagnettverket. Behov for eventuelle revisjonar av mandatet skjer i Fagleg samarbeidsutval.

---

Stad, Dato